

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

--	--	--

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b> N-016	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksh.:</b> Anita Hesthamar	<b>Objekt:</b>	19/338 - 3

### Hardangerrådet frå 2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å halda fram med å delta i eit reigonråd for Hardanger og Voss, men meiner at noverande driftsform er for sårbar og at utgiftsnivået bør reduserast. Alternative driftsformer bør vurderast av ein uavhengig aktør og/eller oppgåvene bør leggjast ut på anbod.

#### Samandrag:

Framtidig deltaking i og organisering av det interkommunale selskapet Hardangerrådet har vorte debattert fleire gonger sidan etableringa i 1989. Etter at det vart klart at 4 av dei 7 tidlegare medlemskommunane skulle slåast saman til Ullensvang kommune og Voss herad, starta ein ny runde med spørsmål om rådet skal utvidast til å omfatta tidlegare Voss kommune, samt framtidig driftsform og kostnadsnivå/kontingent. Dette skal svarast ut av Hardangerrådet 19. mars 2020, og herads-/kommunestyra er difor bedne om å ta stilling til tema og gje ordførar eit mandat til møtet. På grunn av fristar for utmelding og eventuelt oppløysing, vil Hardangerrådet IKS uansett eksistera ut 2021.

Rådmannen har fleire gonger tidlegare gjeve uttrykk for at me har mykje å vinna på samarbeid med andre kommunar og regionar, særleg med tanke på å vidareutvikla opplevingsøkonomien og merkevarebygging. Rådmannen vil òg trekkja fram att rolla til ungdområdet, då det er svært viktig for demografien og utviklinga til kommunane at desse får felles møtearenaer der dei kan trivast og medverka til utviklinga i regionen. Korleis samarbeidet skal organiserast, bør sjåast på.

Ei utfordring med å sjå på driftsformen til rådet, er at me diskuterer arbeidsplassane og - oppgåvene til to tilsette. Det er tøft å stå i ein slik situasjon over tid. Såleis bør det koma ei avklaring så snart som mogleg, og ikkje utsetjast. Det er sjølvsagt ein risiko for å mista kompetanse i denne perioden, og organisasjonen er sårbar for endringar. Det siste er òg eit argument for å vurderast driftsformen. Regionrådet er ei kompetansebedrift, og det hadde vore ei føremon for både dei tilsette og deltakarkommunane, at dei tilsette vart del av eit større arbeidsfellesskap. Om dette er som del av ein eller fleire av deltakarkommunane, av næringsråd, av destinasjonsfellesskapa eller ein annan organisasjon eller organisasjonsform, bør avklarast no. Å gå inn i eit større arbeidsfellesskap, vil truleg òg redusera utgiftene då ein del administrative utgifter kan fordelast på fleire, som styreutgifter og andre faste utgifter. Kva som vil vera den beste måten å organisera regionrådet på, trur rådmannen bør vurderast

av ein uavhengig aktør. Eit anna alternativ er å lysa ut oppgåvene på anbod for å sjå kva alternativ og prisar som vert tilbydd. Ved ei utlysing av anbod, bør det òg vurderast om det skal vera mogleg å gje tilbod på deler av oppgåvene.

**Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
667661	Presentasjon av hardangerrådet som grunnlag for drøfting i herads- og kommunestyra

**Andre dokument i saka:**

## Saksopplysningar:

Hardangerrådet IKS har laga til eit grunnlag for drøfting i herads- og kommunestyra, med bakgrunn i at i møte i Hardangerrådet 19. mars 2020, skal rådet svara på følgjande tema:

- Kva medlemskommunar utgjer Hardangerrådet frå 2021?
- Driftsform for Hardangerrådet
- Modell for berekning av medlemskontingent
- Kontingentnivå basert på totalt kostnadsnivå

Herads-/kommunestyra vert bedne om å ta stilling til dei oversende spørsmåla, slik at Hardangerrådet har mandat til å gjera vedtak møtet i mars. Ein presentasjon som Hardangerrådet IKS har utarbeidd, er vedlagt i saka. Følgjande spørsmål er foreslått drøfta (henta frå vedlegg):



Til drøfting i herads- og kommunestyra:

1. Kva ser kommunen som sine utfordringar i framtida?
2. Kva kan Hardangerrådet bidra med for kommunen?
3. Kva satsingsområde/prioriteringar skal Hardangerrådet ha?
4. Kva skal regionrådet arbeida med?
5. Korleis skal regionrådet organiserast?
6. Kva er akseptabelt kostnadsnivå/medlemskontingent?
7. Er det alternative driftsmodellar som vil fungera betre enn dagens?
8. Ser ein konkrete fellesprosjekt som bør administrerast/driftast av Hardangerrådet?
9. Kva verdi har Hardangeridentiteten?
10. Treng vi eit regionråd i Hardanger?

brick

## *Om organisasjonen*

Hardangerrådet vart etablert i 1989 som eit regionråd for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Selskapsavtalen har vore endra fleire gonger. Den siste vart godkjent 27.10.2016, og erstatta avtalen frå 13.02.2014, sjå lenkja:

<http://www.hardanger.com/Dokument/Hardangerr%C3%A5det/Ny%20selskapsavtale%20%20Hardangerr%C3%A5det%20iks%20godkjent%2020161027.pdf>

Selskapet har som ideelt føremål å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd. Hovudoppgåvene er som følgjer:

- Politisk samordning og påverknad
- Kommunalt tenestesamarbeid
- Næringsutvikling og etablerarteneste

Målsetjing med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å vidareutvikla området næringsmessig, sosialt og kulturelt.
2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule og kultur.
3. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylkesstyre- og sentralstyremakter, i saker der dette er naturleg.
4. Ei praktisk oppfølging av fylkes- og fylkesdelplanar.
5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
6. Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.
7. Arbeida aktivt for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.
8. Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i regionen.

Regionrådet er organisert som eit interkommunal selskap, med forretningskontor i Ullensvang herad. 2 tilsette (dagleg leiar og konsulent) har kontorplass i Kinsarvik.

Kvam herad sin eigar- og ansvarsdel i selskapet er på 26%. Prosentane kan justerast kvart 4. år i samsvar med endringane i inntekts- og folketalsutviklinga i kommunane. Slik justering krev endring i selskapsavtalen. Selskapsavtalen er førebels ikkje justert etter kommunesamanslåingane gjeldande frå 01.01.20.

Hardangerrådet IKS sine organ er representantskapet, styret, dagleg leiar og klagenmnd. Hardingtinget, Regionrådet i Hardanger og Rådmannsforum er politiske og administrative einingar som Hardangerrådet IKS har utøvande sekretærfunksjon for.

- Representantskapet er selskapet sitt øvste organ, og til ei kvar tid medlemmene i regionrådet. Dagleg leiar og styreleiar i Hardangerrådet IKS tek del i møta i representantskapet med tale- og framleggsrett.
- Regionrådet er samansett av ordførarane i eigarkommunane med varaordførarane som personlege vararepresentantar.
- Hardingtinger er eit samarbeidsorgan i regionrådet i Hardanger, og er samansett av formanskapa i eigarkommunane. Rådsordførar er leiar i Hardingtinget.
- Rådmannsforum er samansett av rådmennene i medlemskommunane, og skal arbeida for å fremja samarbeid mellom administrasjonane. Rådmannforum vel ein representant med personleg vararepresentant som tek del i møta i regionrådet med tale- og framleggsrett.
- Styret i Hardangerrådet IKS vert valde av representantskapet, og for 2 år om gangen. Styret er samansett av 3 personar, med 2 varamedlemmer. Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter. Dagleg leiar er sekretær for styret.
- Dagleg leiar vert tilsett av representantskapet, medan styreleiar utøver arbeidsgjevarfunksjonen. Oppgåver:
  - o Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile organisasjonen.
  - o Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen.
  - o Sekretær for representantskapet, styret og regionrådet i Hardanger og andre utval tilhøyrande regionrådet.
  - o Samordna arbeidet og førebu saker til regionrådet og styret.
  - o Setja i verk vedtak fatta av regionrådet og styret.
  - o Ansvarleg for oppfølging av utviklingsplan, tiltaksarbeid og prosjektarbeid.
- Klage i enkeltvedtak vert avgjorde av ei klagenemd samansett av leiar/medlem i klagenemd/kalegorgan i medlemskommunane.

I tillegg har Hardangerrådet IKS sekretærfunksjonen til Hardanger og Voss Ungdomsråd. Hardanger Ungdomsråd vart fyrste gong konstituert 10.02.2010, som landet sitt fyrste regionråd. Nye vedtekter etter innlemming av Voss, vart vedtekne i Hardangerrådet 22.01.20. Rådet er samansett av leiarar og nestleiarar i dei 5 ungdomsråda, og er eit demokratisk vald og partipolitisk uavhengig organ med følgjande føremål:

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger og Voss
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger og Voss, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger og Voss i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger og Voss, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger og Voss får uttale seg om saker.

Oppgåvene er m.a.:

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger og Voss
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger og Voss, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger og Voss i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger og Voss, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger og Voss får uttale seg om saker.

Rådet arrangerer Ungdomsting. Komande ting vert arrangert den 13.03.20 i Øystese med tema psykisk helse. Då deltek alle rådsmedlemmene i ungdomsråda, i tillegg til andre inviterte som mellom anna ordførarar og helsesjukepleiarar.

### ***Om økonomien***

Medlemskommunane er forplikta til å betala medlemskontingent og pliktar å delta i faste samarbeidsfora, så langt råd:

- Representantskapet/regionrådet (ordførarane)
- Rådmannsforum (rådmennene)
- Team Hardanger (næringsansvarlege)
- Hardanger kulturråd (kulturansvarlege)

I tillegg pliktar kommunane å delta i tematiske samarbeid utover regionen.

Kontingent for 2019 og 2020 har følgjande fordeling (samanslåtte kommunar er ansvarlege for tidlegare kommunar sin kontingent):

		31. januar	30. juni	Sum
Eidfjord	10%	Kr 130 607	Kr 130 607	Kr 261 214
Granvin	8%	Kr 104 486	Kr 104 486	Kr 208 972
Jondal	8%	Kr 104 486	Kr 104 486	Kr 208 972
Kvam	26%	Kr 339 578	Kr 339 578	Kr 679 156
Odda	26%	Kr 339 578	Kr 339 578	Kr 679 156
Ullensvang	14%	Kr 182 850	Kr 182 850	Kr 365 700
Ulvik	8%	Kr 104 486	Kr 104 486	Kr 208 972
<b>Sum</b>		<b>Kr 1 306 071</b>	<b>Kr 1 306 071</b>	<b>Kr 2 612 142</b>

Framlegg til ny kontingent inneber at Kvam herad sin kontingent går ned til 0,59 mill.kr., med same kostnadsnivå som i 2019. Dette foruset at Voss herad vert med vidare, og ei fordeling på 20% fast del og 80% fordeling etter innbyggjartal:

	Innbyggjartal	Fastdel	Delt etter innbyggjartal	Total kontingent	Total kontingent pr. innbyggjar	
	2020					
Voss herad	15506	105 946,20	880 854,40	986 800,60	63,63	37,26%
Ullensvang kommune	11294	105 946,20	641 499,20	747 445,40	66,18	28,22%
Kvam	8455	105 946,20	480 244,00	586 190,20	69,33	22,13%
Eidfjord	931	105 946,20	52 880,80	158 827,00	170,60	6,00%
Ulvik	1117	105 946,20	63 445,60	169 391,80	151,65	6,40%
	<b>37305</b>	<b>529 731,00</b>	<b>2 118 924,00</b>	<b>2 648 655,00</b>	<b>71,00</b>	<b>100,00%</b>
				2 648 655,00		
						37,00%
Total kontingent pr. innbyggjar	<b>71</b>					28,00%
Total kontingent	2 648 655					22,00%
%-fast del kontingent lik sum for kvar kommune	<b>20%</b>					6,00%
Sum fastdel av kontingent	529 731					7,00%
Delt etter innbyggjartal	2 118 924					100,00%
Kontingent unnateke fastdel: pr. innbyggjar	56,80					

Voss herad får den største kontingenten på om lag 1 mill.kr., deretter Ullensvang kommune med 0,75 mill.kr. og Eidfjord og Ulvik om lag likt, med ca 0,16 mill.kr. Denne fordelinga er ikkje vedteken, og det er andre alternative modellar som kan nyttast.

### ***Utmelding og oppløysing***

Dersom ein deltakarkommune ynskjer å tre ut av IKS, må det gjerast med eit års skriftleg varsel (Lov om IKS § 30), gjeldande frå 31.12. året for oppseiinga. Deltakartilskot må betalast til utmelding er effektiv.

Hardangerrådet IKS kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf. Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsmast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og 2/3 av medlemmane må vera til stades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Oppløysing av Hardangerrådet IKS må godkjennast av departementet.

### ***Tidlegare saker og vedtak***

Spørsmålet om framtida til Hardangerrådet har vore tema i politiske møter ved fleire høve. I HST-sak 041/18 med tittel «Hardangerrådet 2020?», vart det gjort følgjande vedtak den 12.06.2018:

*Kvam heradsstyre tilrår at Hardangerrådet går i dialog med Voss herad (representert ved ordførarane i Granvin og Voss) om utarbeiding av ny selskapsavtale og ev. andre styringsdokument for nytt regionråd frå 2020 med eigarkommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.*

I 2019 vart framlegg til ny selskapsavtale politisk handsama i FSK-010/19, med følgjande vedtak:

1. *Kvam herad ser behovet for eit regionalt samarbeid for å styrka utviklinga i vår region.*
2. *Kvam herad opprettheld eigarskapen i Hardangerrådet IKS, som vert eit regionråd som frå 1.1.2020 omfattar kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.*
3. *Kvam heradsstyre ber Hardangerrådet IKS om å revidera framlegget til selskapsavtale med omsyn til ny kommunelov, ungdomsrådet si rolla, samt administrativt omfang og løysingar. Det bør òg koma fram kva dato avtalen skal gjelda frå.*
4. *Kvam heradsstyre er positive til å utgreia eit regionalt samarbeid mot Sogn for eit styrka Indre Vestland.*

Då saka skulle handsamast i HST-015/19 den 26.03.2019, vart den utsett. Lenkja til sak: <https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019002940&dokid=620072&versjon=3&variant=P&>

I møte i Hardangerrådet 12.12.2019 vart følgjande vedtak gjort: *Hardangerrådet sender invitasjon til Voss herad om avklaringar rundt den vidare prosessen for nytt regionråd Hardanger/Voss.*

I møtet 22.01.2020 melde Voss herad tilbake at dei ynskjer å verta medlem av Hardangerrådet, men set krav om at medlemskontingenten må endrast til eit betydeleg lågare nivå. Følgjande vart vedteke (HR-sak 05/20): *Kvar medlemskommune drøftar internt korleis ein ser framtidig driftsmodell og innhald i eit framtidig Hardangerråd. Drøfting skal ta utgangspunkt i felles notat/PP-presentasjon som vert utarbeidd av dagleg leiar og rådsordførar. Drøfting i kommunestyra må vera før neste rådsmøte 19. mars.*

### **Regionråd og interkommunalt samarbeid**

I saka som vart utsett, vart det vist til ein rapport NIVI Analyse AS laga til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med ei stortingsmelding om distriktpolitikken, sjå lenkja: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regionrad-i-norge/id2621349/>

Rapporten viser at det er 65 andre operative regionråd i Norge, i tillegg til Hardangerrådet. 95 % av kommunane deltek i regionråd, som dekkjer 97 % av landarealet. Oslo, Bergen og Stavanger er nokre av dei få kommunane som ikkje deltek i regionråd. Fusa, Samanger, Os, Askøy og Vaksdal deltok heller ikkje i noko regionråd etter at Bergen og Omland Regionråd vart lagt ned i 2010 og erstatta av Bergensalliansen, som Kvam herad òg deltek i. Voss deltok for tida heller ikkje i noko regionråd før dei tredde inn i Granvin sin plass i Hardangerrådet 01.10.20.

Regionråda i Noreg har historisk varetatt minst tre roller:

1. Initiera og samordna interkommunalt samarbeid om kommunal administrasjon og kommunale tenester (tenesterolle)
2. Interessepolitisk arbeid for å påverka næringsliv, regionale og nasjonale aktørar (interessepolitisk utviklingsrolle)
3. Samordning av løpande saker gjennom felles høyringsfråsegner og saksbehandling (prosessrolle)

Sidan 2007 har det skjedd ei endring i grunngevinga for arbeidet i regionråda, der den regionale utviklingsrolla har vorte styrka. Ein annan trend er ei intern todeling av rollene med politikarane som samfunnsutviklarar og kommuneadministrasjon får større ansvar som samarbeid om administrasjon og tenester. Rapporten omtalar og at nokre regionråd står utenfor denne typen dynamiske prosesser knytta til regionale utviklingsoppgåver og nye

former for samarbeid om tenesteproduksjon. I deler av landet vert det observert ein regional dagsorden prega av lokal konkurranse og usemja om roller, ofte kombinert med at kommunane opplever mangel på kapasitet og kompetanse til å ivareta utviklingsoppgåver. Ein del av biletet kan også vera at dei regionale aktørane opptrer lite samordna overfor kommunane og deira viktigaste samarbeidsarena. Resultatet er store regionale ulikskapar i innovasjonsressurser og verkemidler for innovasjon og omstilling i kommunene.

Det finnest ei rekkje interkommunale samarbeid og ulike måtar å organisera dei på. Kvam herad deltek mellom anna i vertskommunesamarbeid Vest brann- og redningsregion, i interkommunal legevaktordning og i Hardanger/Voss kompetanseregion, medan me i andre høve kjøper og sel tenester frå/til andre kommunar. I den nye kommunelova, er det eit eige kapittel for «Interkommunalt politisk råd» (kapittel 18, sjå lenkja: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2018-06-22-83> ). Rådet kan handsama saker som går på tvers og kommune- eller fylkesgrensene, men kan ikkje få mynde til å treffa enkeltvedtak. Rådet kan få mynde til å treffa vedtak om interne forhold i samarbeidet og forvalta tilskotsordningar. Rådet skal òg innehalda orda «interkommunalt politisk råd». Øvste organet skal vera representantskapet, der samtlige deltakarar i rådet skal ha minst eit medlem, som i hovudregelen vert valgt for fire år.

### **Vurdering:**

Rådmannen har fleire gonger tidlegare gjeve uttrykk for at me har mykje å vinna på samarbeid med andre kommunar og regionar, særleg med tanke på å vidareutvikla opplevingsøkonomien og merkevarebygging. Hardinginget 2020 hadde besøksforvaltning og besøksstrategi som hovudtema, og fleire av utfordringane og utviklingspotensiala kan best løysast av kommunane i regionen i fellesskap. Rådmannen vil òg trekkja fram att rolla til ungdområdet, då det er svært viktig for demografien og utviklinga til kommunane at desse får felles møtearenaer der dei kan trivast og medverka til utviklinga i regionen. Eit regionråd kan ha ei samla gjennomslagskraft og ei koordineringsrolle som er sterkare enn summen av dei enkelte kommunane. Døme på dette er ved besøk av Hordalandsbenken og båtrutetilbod. Eit anna område eit regionråd kan ha ein slik funksjon, men der det er konflikstar, er innanfor samferdsel. Hardanger/Voss har eit areal på 8.074 km<sup>2</sup> som utgjer ¼ av Vestland fylke, og om lag 6% av innbyggjartalet. Vegen til Bergen (og Oslo) er viktig for alle deler av regionen, men prioriteringane er ulike mellom indre og ytre del når det gjeld nasjonale og fylkeskommunale midlar. Det har òg vore konflikt på andre lokaliseringstema opp gjennom tidene. Hardangerrådet, rådmannsforum og Hardinginget er møtearena for kollegium, som òg er nyttige. Det er likevel fleire måtar å organisera slike samarbeid på enn eit regionråd med eigne tilsette og eige styre. Voss herad så langt meldt tilbake at dei ynskjer å delta i eit regionråd, men ikkje med same kostnadsnivå som i dag. Dersom Voss herad står fast på dette, må Kvam herad ta stilling til om kommunen vil halda fram med eit regionråd med 3 andre kommunar, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord.

Samla medlemskontingent dekkjer i dag 2,6 mill.kr, der Kvam herad sin kontingent er på om lag 0,7 mill.kr. Voss herad har førebels berre overteke Granvin sin tidlegare kontingent på 0,2 mill.kr, som må fordelast på gjenverande kommunar dersom kostnadsnivået ikkje går ned. Det vil seia at Kvam herad truleg får ein kontingent på 0,8 mill.kr. I tillegg dekkjer kommuanne eigne løns- og reiseutgifter i samband med samlingar og liknande. Det vil seia at utgiftene til å delta i rådet tilsvarar om lag eit årsverk for Kvam herad. Dersom rådet ikkje held fram, vil kommunen ha meir utbytte av ei eiga stilling? Det er vanskeleg å seia, då det er mange moment som må inn i ei slik vurdering, men ein kommunalt tilsett vil truleg ikkje ha same tilgang og gjennomslagskraft som eit regionråd.

Kommunen er i ein prosess der det er bestilt eit arbeid med å sjå på tiltak for å ta ned driftsnivået ytterlegare. Valet står såleis òg mellom deltaking i Hardangerrådet IKS og andre stillingar i kommunen.

Ei utfordring med å sjå på driftsform, er at me diskuterer arbeidsplassane og -oppgåvene til tilsette. Det er tøft å stå i ein slik situasjon over tid. Såleis bør det koma ei avklaring så snart som mogleg, og ikkje utsett. På grunn av fristar for utmelding og eventuelt oppløysing, vil Hardangerrådet IKS uansett eksistera ut 2021. Det er sjølvstendig ein risiko for å mista kompetanse i denne perioden, og organisasjonen er sårbar for endringar. Det siste er òg eit argument for å vurdere driftsformen. Regionrådet er ei kompetansebedrift, og det hadde vore ei føremon for både dei tilsette og deltakarkommunane, at dei tilsette vart del av eit større arbeidsfellesskap. Om dette er som del av ein eller fleire av deltakarkommunane, av næringsråd, av destinasjonsfellesskapa eller ein annan organisasjon eller organisasjonsform, bør avklarast no. Å gå inn i eit større arbeidsfellesskap, vil truleg òg redusere utgiftene då ein del administrative utgifter kan fordelast på fleire, som styreutgifter og andre faste utgifter. Kva som vil vera den beste måten å organisere regionrådet på, trur rådmannen bør vurderast av ein uavhengig aktør. Eit anna alternativ er å lysa ut oppgåven på anbod for å sjå kva alternativ og prisar som vert tilbydd. Ved ei utlysing av anbod, bør det òg vurderast om det skal vera mogleg å gje tilbod på deler av oppgåvene.

Spørsmåla som vert bedt om avklara:

- Kva medlemskommunar utgjer Hardangerrådet frå 2021?
- Driftsform for Hardangerrådet
- Modell for berekning av medlemskontingent
- Kontingentnivå basert på totalt kostnadsnivå

Dersom driftsform og kostnadsnivå ikkje vert endra, vil det maksimalt vil vera 4 deltakarkommunar. Rådmannen tenkjer då at noverande organisasjon uansett vil vera overdimensjonert. Det vil seia at driftsform bør diskuterast fyrst, og at spørsmålsstillingane til kostnadsnivå og modell for utrekning av kontingent må vurderast etter at driftsform er avklara.

Når det gjeld oppgåvene til Hardangerrådet, ser rådmannen at politisk samordning og påverknad er mest aktuelle, og å laga møtearenaer for dette. Når det gjeld kommunalt tenestesamarbeid, vert dette gjerne løyst med vertskommunesamarbeid, kjøp/sal av tenester mellom kommunane, nettverk eller likande. Næringsutvikling og etablerarteneste bør vurderast, då fleire aktørar arbeider med dette, og det er eit spørsmål om destinasjonsselskapa og næringsråda heller bør styrkast når det gjeld samarbeid og utvikling av opplevingsøkonomi og merkevarebygging.

Oppsummert meiner rådmannen at det er ei føremon for Kvam herad å halda fram med å delta i eit reigonråd for Hardanger og Voss, men at noverande driftsform er for sårbar og at utgiftsnivået bør reduserast. Alternative driftsformer bør vurderast av ein uavhengig aktør og/eller oppgåvene bør leggjast ut på anbod.